

«Sakna» av Monica Goksøyr

Opplegget er laga av Nynorsksenteret.

Denne novella omhandlar ein utfordrande tematikk. Ein ung gut blir meld sakna og til slutt funnen død. Gjennom teksten får vi vite at han har hatt det vanskeleg, noko hovudpersonen på sett og vis føler skuld for. Å diskutere tema knytte til sagn og tap kan vere kjenslemessig utfordrande for nokre elevar. Det er difor ekstra viktig å skape ein god samtaleatmosfære der alle føler seg trygge til å dele tankane og kjenslene sine.

Forankring i læreplanverket

Novella «Sakna» av Monica Goksøyr omhandlar tema og verdiar som er sentrale for utdanninga, og som vi finn att i den overordna delen av læreplanen under verdigrunnet for opplæringa. Gjennom å arbeide med novella kan elevane få ei betre forståing for mangfald, inkludering og sosial rettferd og reflektere over korleis dei sjølve kan handle for å motarbeide fordommar og fremje inkludering.

Kompetansemål i norsk

Vg1: lese, analysere og tolke nyare skjønnlitteratur på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk

Vg1: lytte til andre, byggje opp sakleg argumentasjon og bruke retoriske appellformer i diskusjonar

Vg1: kombinere verkemiddel og uttrykksformer kreativt i eiga tekstsaking

Vg1: greie ut om og drøfte norskfaglege eller tverrfaglege tema munnleg

Vg1: skrive tekstar med god struktur og tekstbinding og meistre teiknsetjing og rettskriving på hovudmål og sidemål

Vg3: bruke fagkunnskap og presist fagspråk i utforskande samtalar, diskusjonar og munnlege presentasjonar om norskfaglege emne

Vg3: utforske og reflektere over korleis tekstar frå den realistiske og den modernistiske tradisjonen framstiller menneske, natur og samfunn

Kompetansemål i samfunnsfag

- gjere greie for sosialisering og drøfte korleis identiteten og sjølvkjensla til ungdom blir påverka gjennom sosialisering
- innhente informasjon om forskjellige former for sosial ulikskap i Noreg og drøfte samanhengen mellom ulikskap og utanforskap
- vurdere korleis utøving av makt påverkar enkeltpersonar og samfunn
- vurdere årsaker til og tiltak som kan førebyggje rasisme, diskriminering og hatefulle ytringar, og drøfte grensene for ytringsfridommen

Før lesing

- 1) Novella du straks skal lese, er ein del av ei novellesamling som heiter *Slemme jenter*. Kva slags assosiasjonar får du når du høyrer novelletittelen?
- 2) Novelletittelen kan tydst på fleire vis alt etter korleis ein les han. Korleis kan tonefall og stemme spele inn på forståinga av tittelen?
- 3) Monica Goksøyr er ein ung forfattardebutant. Hadde du tolka tittelen annleis om ein mann hadde skrive novellesamlinga? Hugs å grunngje synspunkta dine.
- 4) Studer framsida av boka. Kva har tittelen med framsidebiletet å gjere, trur du?
- 5) Snakk saman om kva slags rolle blikkfanget og kontrastane spelar når ein skal tolke biletet på bokomslaget.
- 6) «Sakna» er namnet på novella vi skal lese. Ta utgangspunkt i tittelen, og snakk saman om kva dokker trur novella kjem til å handle om.
- 7) Snakk saman om tydingsforskjellen mellom *å sakne* og *å vere sakna*.
- 8) Kva slags kjensler er ofte knytte til det å sakne?

Under lesing

Oppmod elevane til å streke under eller markere setningar eller avsnitt som gjer inntrykk på dei, medan dei les.

Om samtaleoppgåvene

Organiser elevane i par og la dei samtale om spørsmåla under. Be elevane om å skrive stikkord undervegs, for desse notata vil dei få bruk for seinare. Når elevane har samtala om spørsmåla, set dei seg saman i større grupper på seks–åtte. Den eldste og den yngste på gruppa får i oppgåve og velje ut ti av samtaleoppgåvene som dei opplever dekkjer novella. Det er kvar sin gong å starte å svare på spørsmåla, men oppmod elevane til å vere aktive bidragsytarar og til å fylle ut og byggje vidare på synspunkta til kvarandre. Avslutt opplegget med ein felles lærarstyrt samtale i klasserommet, der dei ulike gruppene får presentere noko av det dei har snakka om.

Etter lesing

- 1) Korleis opplevde du å lese denne novella?
- 2) Kva gjorde mest inntrykk på deg?

Fyrste dag

- 3) May er ei ung kvinne med jobb og sambuar, då ho brått får ein telefon frå mor si. Snakk saman om kva som kjem fram i telefonsamtalen, og korleis May reagerer på beskjeden ho får.
- 4) «Vi hadde nettopp ledd og spøkt, no stod han og heldt i hop handkleet over skuldrene og spurde om det gjekk bra, men eg var ikkje hos han lenger, eg sat på karusellen, ved sida av deg.» Kva meiner May med dette?
- 5) May og Phillip var gode vener då dei var yngre. Snakk saman om kva slags minne som dukkar opp når May får beskjeden om at han er sakna. På kva slags vis er minna både gode og vonde?
- 6) Kva var det som batt May og Phillip så sterkt saman i barndomen deira?

- 7) «Slutt å følgje etter meg» hugsar May at ho sa til Phillip på skulebussen, då dei gjekk på ungdomsskulen. Kvifor svir dette minnet slik?

Andre dag

- 8) May arbeider som frivillig rettsleg rådgjevar, og ho har ein klient som også har opplevd tap. Kva er det klienten har mista, og kva er årsaka til tapet?
- 9) Kva får dokker vite om klienten og livshistoria hans?
- 10) May spør klienten sin om kvifor han byrja å ruse seg. Snakk saman om svaret han gir henne.
- 11) Dagen etter May får vite at Phillip er sakna, er ho på kontoret. Ein kollega viser ho omsorg under ein fagleg samtale, og brått får May lyst til å fortelje han alt, «men det var ikkje rom for slikt mellom oss. Det var ikkje rom for slikt på kontoret.» Kvifor er det slik at vi ofte tenkjer at det ikkje passar, eller at det ikkje er tid eller rom for å opne seg for andre?
- 12) Korleis trur du at kollegaen til May hadde reagert om ho hadde fortalt han kva som hadde skjedd?
- 13) På side 15–17 blir det skildra ei scene mellom Phillip og May. Det er sommaren før ungdomsskulen, og dei er nede ved fjorden. «Eg såg det i blikket ditt at det hadde skjedd eit skifte i maktbalansen» tenkjer May (s. 17). Kva ligg i dette, trur dokker?
- 14) Kva slags sosial forskyving kan skje mellom barn når dei veks og utviklar seg i litt ulik takt?

Tredje dag

- 1) Fagrådgivaren viser May omsorg berre gjennom blikket og enkle spørsmål. «Eg ville verte sitjande, berre for å varme meg i det brune blikket», står det på s. 17. Går det an å varme seg i andre sine blikk? Kva ligg i dette, tenkjer dokker? Tenk over om du har nokon i livet ditt eller rundt deg som har ein slik effekt på deg.
- 2) I novella kjem det fram at Phillip hadde ei krevjande tid på ungdomsskulen, og at alle visste at han hadde det vanskeleg. Nærles partiet på side 18 som omhandlar dette. Kva tenkjer dokker om måten dei vaksne handterte at Phillip hadde det vanskeleg på? Kva kunne dei ha gjort annleis?
- 3) Kva tenkjer dokker om rolla May hadde i denne perioden? Kunne ho ha gjort noko for å hjelpe Phillip?
- 4) Når Phillip går forbi benkane, ropar ein av gutane til han. Kvifor er det som vert sagt, krenkande for både Phillip og May?
- 5) På side 20 fortel May om då mattelæraren bad om å få massasje av mor hennar. Kva tenkjer dokker om denne historia?
- 6) Hadde mattelæraren gjort det same om mora til May hadde kome frå Island eller Polen, trur dokker?
- 7) Kva slags fordommar og rasistiske stereotypiar har Phillip og May opplevd berre i kraft av å ha mødrer frå Thailand?
- 8) Korleis bind desse erfaringane May og Phillip saman?
- 9) Kvifor er ungdomsskuletida ei sårbar tid for så mange?

Fjerde dag

- 10) «Du var Phillip, ein raring i klassa mi som eg måtte gå i konfirmasjonen til fordi foreldra våre var vener. Eg var May, eg hadde ein plass, eg hadde vener.» tenkjer May (s. 22). Kva meiner May når ho seier at ho «hadde ein plass»? Kva er det som gjer at ikkje alle ungdommar har ein «plass»?
- 11) På side 23 står det skrive om nokre benkar på ungdomsskulen, som berre somme av elevane fekk sitje på. Kva er det som gjer at May får sitje på benkane? Kva symboliserer det å sitje på desse benkane?
- 12) Er det eit område på skulen dokkar som berre somme av elevane brukar? Korleis kan sosial posisjon vise att i skulegården?
- 13) I starten av novella kjem det fram at May ikkje har tenkt på Phillip på lenge. Snakk saman om korleis minna av han vert eit vindauge til fortida.
- 14) Er minne av ein annan person alltid like lindrande og trøystande å tenkje på, tenkjer dokker?
- 15) Korleis opplever May å gjenoppleve tida saman med Phillip?
- 16) Samtal om påstanden: Minne kan vere ein slags tidskapsel. Ein parfyme, ei spesiell lukt, ein song eller ein smak kan plutselig aktivere ei historie eller ein person på ny. Har du erfaringar knytte til dette?

Femte dag

- 17) Den femte dagen har May hatt ein spesiell draum. Snakk saman om kva denne draumen kan symbolisere.

Sjette dag

- 18) På side 28 fortel May om då Phillip rissa namnet hennar inn i eit tre. Kva er det som skjer med dette treet, og korleis kan det fungere som eit symbol på forholdet mellom dei?
- 19) Phillip fortel til May at innrissinga av namnet hennar i treet stod for noko spesielt. Kva er det namnet viser til, ifølgje Phillip?
- 20) Korleis handterer May sorgprosessen ho er inne i?
- 21) «Du må fortelje meg kva som føregår (...)» seier sambuaren til May. Snakk saman om kva dokker trur han meiner med dette.
- 22) I samtalen med sambuaren sin seier May at «Du veit ikkje kven eg er. Du veit ikkje kva eg har gjort» (s. 29). Kva meiner ho med dette, trur dokker?

Sjuande dag

- 23) Korleis vert novella avslutta? Korleis opplever dokker denne avsluttinga?
- 24) Snakk saman om korleis May saknar Phillip i fleire forstandar.

Munnlege og skriftlege oppgåver

- 1) Utanforskap er noko av det vondaste eit menneske kan oppleve. Lag ein dikt-antologi i klassa som utforskar ulike aspekt ved å verte halden utanfor. Det kan handle om kjensla av å vere isolert, lengten etter å finne tilhøyrsløse eller kampen for å bli akseptert for den ein er. Finn bilete som understrekar tematikken i dikta, og illustrer tekstane i antologien. Framfør dikta for kvarandre, og samtal om dei.

- 2) Skriv ei akt i eit moderne skodespel som handlar om rasisme og fordommar. Lat dialogen utspele seg på skulen mellom fleire ungdomar med ulik bakgrunn og sosial posisjon. Legg vekt på å skape realistiske dialogar, tydelege karakterar og detaljrike og gode scenetilvisingar. Treng du å repetere kva som kjenneteiknar eit dramamanuskript? Trykk deg inn på NDLA si side [«Dramamanuskriptet»](#). Framfør skodespela for kvarandre.

- 3) «Skolen skal ta omsyn til mangfaldet av elevar og leggje til rette for at alle får oppleve tilhøyrsløse i skole og samfunn. Vi kan alle oppleve at vi skil oss ut og kjenner oss annleis. Derfor er vi avhengige av at ulikskapar blir anerkjende og verdsette», står det skrive under opplæringa sitt verdigrunnlag i den overordna delen av læreplanen. Reflekter over korleis skulen i praksis kan arbeide for å nå desse måla, og kva kvar enkelt lærar og elev kan gjere for å fremje tilhøyrsløse og mangfald. Få også fram kva slags utfordringar du opplever at skulen har når det gjeld tematikken.

Skriv ein tekst eller førebu ein reflekterande fagsamtale om temaet.

- 4) Tenk tilbake på din eigen barndom. Kven var det du leika med? Er barndomsvenane dine framleis i livet ditt? Om ikkje: Kva var det som gjorde at dokker slutta å vere saman? Skriv ein reflekterande tekst der du tek utgangspunkt i egne livserfaringar rundt venskap. Hadde du vilja gjort noko annleis om du fekk leve barndomen på nytt att? Kva slags livserfaringar har dei ulike venskap gitt deg?

Tilleggsressursar

[NRK Radio, Monica Goksøy: Er jenter eigentleg slemme?](#)

[«Rasisme er overalt», 2024: Rapport frå Redd Barna.](#)

[Kva er utanforskap? NDLA-ressurs.](#)